

# Kunstføling i fjæra

**Båttur i Sjøparken var ein populær aktivitet. Med skyss frå Stenekaien til Lindås slusene kunne folk sjå på ulike kunstverk som var stilt ut på skjær og holmar.**

Av Ella Sandra Dahl Berland

Anne og Atle Steine var blant passasjerane, og dei syntest den 45 minutt lange turen var spanande.

– Me gler oss til å sjå natur, gamal kultur og kunst! Det er enormt interessant med kunst stilt ut på ein slik kreativ måte, smiler dei.

– Og så er det sjølvstekt kjekt med ein lokal båttur i finværet, legg dei til.

## Våt oppleving

Undervegs på turen kom kapteinen i skade for å bryta ei bølge som gjorde halvparten om bord dryppande våte. Opplevinga vart tatt med godt humør: Resten av turen snakka ein om sjøsprøyten med smil og latter.

– Det var jammen forfriskande! seier Atle.

– No kjenner me at me verkeleg har vore på sjøen.

## Maritim kunst

I kvar etasje i det gamle tinghuset var det stilt ut kunst for sal, og i første etasje kunne ein mellom anna kjøpa smykke, fiskeøredobbar og bilete laga av kopar med emalje, sølvfolie og gull frå kunstnar Solveig Haukaas. Ho har òg laga «Sildestim», eitt av verka ein kan observera i Sjøparken.

– Eg fekk ein førespurnad av Elisabeth om å laga sild i garn, og byrja på prosjektet ganske tidleg i år, fortel ho.

Ho anbefalar dei som vil ut og sjå om å reisa seint på ettermiddagen på denne årstida.

– Då glitrar silda som om det var silderisp! smiler ho.

Haukaas fortel at det har vore alle tiders å få vera ein del av festivalen.

– Det har vore så flott samarbeid frå alle hald, og Elisabeth sjølv er så entusiastisk at ho nesten får folk med på det umoglege. Ho er alltid positiv, og er ei administrator av rang! meiner ho.

## Nye teknikkar

Hjå Solveig Serigstad Hauge kunne ein melda seg på teikneverkstad, der ein fekk utfalda seg innan maritime tema.

– Her malar dei fisk og sjø,

men kanskje litt meir fargerikt enn i sjøen nedanfor, smiler ho.

Ho er lærar i kulturskolen i Austrheim og Meland, og var i vår tilsett som kunst- og handverkslærer ved Lindås barneskule.

– Eg prøver å visa dei litt andre maleteknikkar enn borna er vande med, og introduserer dei for litt annleis utstyr enn vanleg, fortel ho.

Aina Henriksen (12) syntest det å mala med bobleplast var ein kul teknikk.

– Då får ein laga veldig fine bobler i sjøen! fortel ho.

## Fekk einaste fisken

Ekte bobler i sjøen vart det òg då kameratane Sander Hauge, Thorbjørn Thorson, Magnus Thorson og Markus Hellebø var med i fiskekonkurransen søndag, saman med fire andre lag.

– Me er glade i å fiska, smiler dei.

– Vanlegvis er me ute i båt og fiskar, men i dag er me berre på kaien. Det kan vera difor me ikkje har fått fisk endå, seier dei etter ein og ein halv time utan napp.

Men det gjekk ikkje meir enn tre minutt frå det var sagt til Sander fekk ein makrell på kroken.

– Det hadde ikkje gjort noko om me ikkje fekk fisk, eg har hatt det kjekt uansett. Men det er alltid gøy å få noko på kroken! smiler han.

Fisken skulle visa seg å vera dagens første og siste fangst, og laget fekk dermed med seg premie både for største, minste og flest fisk. Premien bestod av fiskestang, wobblers og snøre.



**KREATIV:** Solveig Haukaas stilte mellom anna ut desse skjønne øredobbarne laga av kopar med emalje.



**GLASKUNST:** I tredje etasje i Tinghuset selde Turid Grov brukskunst og glaskunst. Her viste ho fram ein kopi i glas av «Fiskerkona», eitt av kunstverka ho laga til Sjøparken.



**MARITIMT:** Leto Elingaulen selde ullkjolar, og hadde for anledninga laga tre kjolar med fiskegarn, to av dei representerte på biletet. Den siste gjekk prosjektlei Elisabeth med laurdag.



**EI FRAMTID:** Bente Brekke Kampevold har laga



**FISKARBONDEN:** Dette vesle miniatyr-gardsbruk av Elisabeth Tonheim.



**TIL SJØS:** F.v. Audhild Lie, Anne Kristine Falkanger og Atle Steine var med på omvisningstur i Sjøparken og skjær i Lindåsosane.





dette maleriet på bergvegg til utstillinga i Sjøparken, inspirert av barndomsminnet om ventetida på at faren skulle komma heim att frå sjøen.

Foto: Ella Sandra Dahl Berland



ket med naust er laga i skalaen 1:10, og er laga



**DEN EINASTE:** Etter éin og ein halv time utan fiskelukke, fekk Sander Hauge (t.v.) den første og siste fisken på kroken under fiskekonkurransen.



**SKRÅBLIKK:** Karina Borgen Solen som dama som meinte ho var i sin fulle rett til å bruka ungane og sine egne eigenerklæringsdagar på ein Sydentur.

(Foto: Arild Mongstad Pedersen)



er, Jorunn Rødland Sletten, Nils Sletten, Anne



**FISKELUKKE:** Sander Hauge, Thorbjørn og Magnus Thorson og Markus Hellebø fekk prisen både for største og minste fisk då dei hadde den einaste fangsten under fiskekonkurransen søndag.

Foto: Sætran



**BRUNSI MED BARNÅLER:** Søndag føremiddag vart det brunsj på Spjeldnestangen, der anretningsbord av gamle fyllingsdørar og delar frå ein robåt vart nytta. I tillegg kom Lindås Songlag med musikalske innspel, og området var dekorert med måleri frå Lindås barneskule.

Foto: Elisabeth Tonheim